



Plassering her vil ikkje vera akseptabelt, skriv Svein Rimestad. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Det vil truleg ikkje verta akseptabelt med ein høgare stolpe plassert ved den føreslegne bua. Ei gittermast vil heller ikkje vera akseptabel for oss.

Svein Rimestad gjer dette klart i eit brev til kommunen i samband med den nye basestasjonen for mobiltelefon som er planlagd reist på Korsnes

Han held fram:

- Me noterer oss at Telenor uttalar at med anna plassering vil det måtta byggjast fleire basestasjonar for å få tilsvarende dekning, men denne påstanden er ikkje underbygd. 50-metersstrekka på Ljosnes der mobiltelefonen fell ut er vel kjend, men det er sikkert i synlegaste friområdet på Korsneset som vil kunna fungera vel så godt, til dømes på Skorpo.

Me ynskjer ei nokolunde detaljert utgreiing av kvifor nett denne staden er den einaste brukbare, Det ville vore ynskjeleg å sjå på kart kor eksisterande stasjonar i området finst, og fått innteikna dekningsområda deira. Ut frå eit kart vil det og vera greiare å illustrera eventuelle argument både for og mot plassering i Korsneset.

Er det sikkert at ein basestasjon ikkje vil verta vidare utbygd seinare, med det argumentet at "det vil vera den mest økonomiske løysinga, for der ligg det noko frå før"?

Av Ola Matti Mathisen